

**Sakshandsamar:**

Tor Solheim

E-post: tor.solheim@sfj.no

Tlf: 57 72 51 30

Vår ref.

Sak nr.: 06/4766-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

23771/06

Dykkar ref.**Dato**

FØRDE, 15.12.2006

Opplæringsavdelinga
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Merknad til høyring: Forslag til endring i gjeldande forskrift om opptak til universitet og høgskular

Som administrativ leiar for fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane, kjem eg med slikt innspel til høyringsbrev frå KD datert 18.10.2006.

Innleiande kommentar

Under § 4-1 d) 4 er det ført opp krav til opptak til treårig ingeniørutdanning for søkarar med fagskule.

Eit minimumskrav må vera at søkarar med fagskuleutdanning blir likestilt med søkarar med fagbrev, jfr. § 3-3. Søkarar med fagbrev får godskrive inntil 40 studiepoeng for fag frå vidaregåande opplæring, medan søkarar med toårig fagskuleutdanning ikkje får noko godskrive. Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane finn dette svært urimelig, og vil tilrå at søkarar med toårig fagskuleutdanning til treårig ingeniørutdanning (Bachelor) får godkjent minimum eitt år av studietida. Det bør vere gode, transparente ordningar mellom dei ulike utdanningssystema.

Om kapittel 2: Generell studiekompetanse

Det kan synast som om det er ein logisk brest i argumentasjonsrekka i kapittelet.

I § 2-1, alternativ 1 får alle over 23 år generell studiekompetanse, dersom dei kan dokumentere minimum 5 års arbeidserfaring og/eller utdanning.

I § 2-4 får søkarar som har fullført 2-årig fagskuleutdanning generell studiekompetanse, under føresetnad av at dei også oppfyller krava i norsk.

Det må vere ein sjølvfølge at 2-årig teknisk fagskole gir generell studiekompetanse utan tilleggskrav i norsk.



Til § 2-1

Støttar alternativ 1:

”- som er fylt 23 år i løpet av opptaksåret og kan dokumentere minimum 5 års fulltids arbeidserfaring og/eller utdanning.”

Administrativ leiar meiner at dette alternativet på ein betre måte støttar intensjonen om at arbeidslivserfaring skal gi tilgang til høgre utdanning enn alternativ 2.

Til § 2-4

Støttar at fullført 2-årig fagskuleutdanning gir generell studiekompetanse

2-årige fagskuleutdanning byggjer på vidaregåande opplæring, forttrinnsvis yrkesfaglige utdanningar. I løpet av dei to åra på fagskulen får studentane 200 timar norsk som er mål- og yrkesretta.

Meiner at dette må dekke kravet i § 2-2.

Kapittel 3. Unntak frå krav om generell studiekompetanse

I dette kapittelet vert det skilt mellom gammal og ny fagskuleutdanning.

Meiner dette er uheldig. Dei nye læreplanane for dei 2-årige tekniske fagskuleutdanningane byggjer på gjeldande lov, tidligare læreplanar og er tilpassa arbeidslivets krav.

Meiner det ikkje bør skillast mellom gammal og ny 2-årig teknisk fagskuleutdanning.

Kapittel 4 Spesielle opptakskrav

Til § 4-1 d)

Også her er det eit skilje mellom ny og gammal fagskuleutdanning.

Meiner dette er uheldig. I løpet av dei to åra på fagskulen får studentane 220 timer i reine realfag (matematikk og fysikk), i tillegg til at desse faga er sterkt integrerte i dei tekniske faga. Dette må meir enn dekke opp dei krava som er ført opp her.

Kapittel 7 Rangering av søkarar ved opptak

Til § 7-11

Her vert det lista opp enkelte utdanningar som gir tilleggspoeng, men tekniske fagskular er ikkje tatt med.

Meiner at fullført toårig fagskuleutdanning må gi meir tilleggspoeng enn eittårige studium, og ber om at fullført toårig teknisk fagskuleutdanning vert innarbeidd i oversikten, og blir gitt 4 tilleggspoeng.

Med helsing

Tor Solheim

Administrativ leiar

Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane

Mottakar (ar)

Opplæringsavdelinga Askedalen 2 6863 LEIKANGER